MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER - **VARSEL**

| | |
|---|---|
| **Plannavn** | Langhøyane, mindre endring |
| **Arealplan-ID** | 2011000100 |
| **Saksnummer** | 046/12 |
| **Utarbeidet av** | Ard arealplan as |
| **Datert/Revidert** | 24.11.16 |

| | **Avsender** | **Hovedpunkt i merknad / uttalelse** | **Forslagsstillers kommentar** |
|---|---|---|---|
| 1. | Hordaland fylkeskommune 21.11.16 | Innspel til punkt i føresegna:<br>1. 2.3.5:<br>Her vert det føreslått å fjerne kravet om å etablere kollektivhaldeplass i planområdet. Samferdselsavdelinga støtter dette. I tråd med Kollektivstrategien for Hordaland er det eit mål å følgje dei etablerte kollektivaksane og ikkje etablere system med omvegar.<br>2. 2.3.6:<br>Punktet er fjerna, og i staden vert det lagt opp til etappevis utbygging vidare i føresegna. Dette er ei grei løysing, men vi saknar at veglys og parkering vert fanga opp i dei følgjande punkta. Ved å la veglys og parkering vere med vidare kan reguleringsendringane aksepterast som «mindre endring». | 1. Tatt til følgje.<br>2. Tatt til følgje, veglys og parkering er lagt til under 2.3.10, 2.3.11 og 2.3.12. |
| 2. | Fylkesmannen 07.11.16 | 1. Ingen merknader. | 1. Tatt til følgje. |
| 3. | Statens vegvesen 15.11.16 | 1. Statens vegvesen er opptatt av at tilhøva for mjuke trafikantar mellom planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) vert sikra. Den vidare prosessen må syne korleis tilhøva for mjuke trafikkantar er tatt i vare på ein tilfredstillande måte, også i anleggfasen med utbygging.<br>2. Ut frå framlegg til nye føresegner ser det ut til at Trinn 1 skal realiserast først. Vi meiner at det må gå klart fram korleis Trinn 1 er delaktig i finansiering av tiltak langs fylkesvegen (køyreveg og gang- og sykkelveg.)<br>3. I framlegg til føresegner er o KV01, fortau o_FT01 og o_ FT04 nemnt både under Trinn 1 og Trinn 2. Vi er at den oppfatning at fylkesveg og tilhøyrande anlegg må realiserast på eit tidleg stadium av utbygginga.<br>4. Ber også om at nemninga Handbok 017 vert erstatta med Handbok N100. | 1. Tatt til følgje.<br>2. Ikkje tatt til følgje. Det er først i trinn 2 og 3 at den store utbygginga med mange einingar vil finne stad og vi vurderer det difor som rimeleg at finansiering av tiltak langs fylkesveg skal finansierast gjennom trinn 2 og 3. I trinn 1 er det berre lagt til rette for 22 einingar medan det i trinn 2 og 3 er lagt til rette for 102 einingar.<br>3. Ikkje tatt til følgje. Vi vurderer det som tilstrekkeleg at fylkesveg og tilhøyrande anlegg realiserast i trinn 2.<br>4. Tatt til følgje, er retta. |